

Medverknadsmøte – oppsummering etter møte med elevrådet ved Ringstad skule 5.6.19 og elevrådet ved Stranda vidaregåande skule 5.6.19

Møte på Ringstad skule, møtte elevrådet 4 – 7 trinn.

Samtalen med barna hadde som føremål og få fram:

- Kvar dei møttest utandørs i fritida si (favorittstad/samlingspunkt, aktivitetar)
- Kvar kan de ferdast fritt utan omsyn til bilar og annan trafikk
- Er det stader der de ønskjer at det ikkje kjem hus, hytte, industri, veg, hotell.
- Snarvegjar mellom heim og uteområda

Det vart nytta kart som utgangspunkt for samtalen. Kartblada er registrerte som innspel frå Ringstad skule. Kort oppsummert:

- I eller i nærleik til bustadfelt Langlo:
 - Knutsmarka
 - Indianarskogen (grillplass)
 - Kjellshaugen
 - Leikeplassar i byggjefeltet er forfalne og dårleg vedlikehaldne. (Ved sjekk finn vi dei ikkje markerte i kartet – ser ut til å vere etablert på bustadtomter som ikkje er tekne i bruk til føremålet)
- I eller i nærleik bustadfelt Skaugum:
 - Område med ballbinge, gapahuk og bane for hesteskokasting
- Andre møteplassar:
 - Helsemvika, badeplass
 - Mona stadion – mykje brukt (trygt for å lære seg å sykle)
 - Fløten, park i sentrum
 - Kiwi, utanfor butikken
 - Fergekaia – der er sitjeplassar
 - Sakner aktivitetsområde i sentrum
- Ferdsel/snarvegjar og krysningspunkt:
 - Høg fart frå Bygda og inn til sentrum, veg utan skille mellom mjuke og harde trafikantar
 - Snarvegjar frå Skaugum og ned til Helsemvika og Hesteberget/Øykjeberget. Vanskeleg tilgang deler av streket – hinder sett opp av private eigarar
 - Snarveg forbi Rema til sentrum
 - Rellingbrauta
 - Gamle Betel og Ousbakkane
 - I Skaugum – går over marka i staden for å følgje vegen, ikkje merkt som snarveg/sti nokon stad.

Elevrådet ved Stranda vidaregåande

Same tema som nemnd over. Følgjande innspel:

- Idrettslinja nyttar fleire område nær sentrum:
 - LNF området mellom Langlo og skulen
 - Løypetrase, og området i Knutsmarka/Kjellshaugen
 - Ousmarka
 - Terrengløp i området ved Skaugum
 - Helsemvika og Hesteberget
 - Gapahuk og grillplass ved mindre bustad området mellom skule og Skaugum (merka i kartet)